

INFOSKRIV DESEMBER 2017

INVITASJON TIL OPNING



Føresette er velkomne til open skule onsdag 3. januar kl. 13 – 18.

Oppstart for elevane etter jul

Alle elevane startar onsdag 3. januar kl. 08.20. Inngangen til skulen for elevane er trinnbygga mot sør (1. og 2. trinn har eigen inngang mot aust). Fram til den offisielle opninga kl. 12 vil me ha fellessamling i amfiet, øve på innslag til opninga og gjere oss kjent på skulen inne og ute.

Elevane må ha med seg mat og drikke første dagen. Me skal ha kake og brus for elevane etter den offisielle opninga ca. kl. 13 i kantina.

Etter endt skuledag kl. 14, går skyssen heim til vanleg tid. Elevane kan vera att på skulen etter dette, men då saman med dei føresette. Personalet på skulen er opptekne med omvisningar rundt i skulebygget frå kl. 14 – 18.

Kantina

Me startar opp att med kantine frå torsdag 4. januar. Endring frå tidlegare vert at elevane ikkje et på skulen når skuledagen er ferdig kl. 11. Dette gjeld 1.-7. trinn på tysdagar, og i tillegg 1. og 2. trinn på torsdagar.

Sjå eige skriv om påmelding til skulemåltid. Hugs innleveringsfrist fredag 15. desember.

Skyss

Kolumbus arbeider no med dei nye rutetidene for skulebussane. Så fort dei er klare, vert dei lagde ut på www.kolumbus.no og skule si heimeside www.ha.no/ogna-skule

Organisering av skuledagen

Skulestart for alle elevane er kl. 08.20 kvar dag. Kvar tysdag sluttar 1.-7. trinn kl. 11, og kvar torsdag sluttar 1. og 2. trinn kl. 11. Elles varer skuledagen til kl. 14.

Bruk av innesko

Alle elevar og tilsette må bruke innesko i heile skulebygget. Skoa har dei ståande i garderoben når dei ikkje er i bruk. Hugs å merke dei med namn.

Skateparken

Me vil minna om at elevane alltid skal bruke hjelm i skateområdet. Elevane kan ha med seg eigne sparkeyklar og skateboard. Skulen har og bestilt inn noko utstyr som elevane kan låne.

Endringar i personalet

Me har tilsett Linda Ueland i stillinga som barne- og ungdomsarbeidar etter at Ine Søyland Bø har gått over i ny jobb.

SFO

SFO skal ha basen sin i trinntorget til 1.-4. trinn. Ved levering og henting i SFO skal de bruka inngangen til 1. og 2. trinn på austsida av trinnbygget.

Partnarskap mot mobbing - Bygdadagen 22.04.18

Representantar frå skulen, barnehagane og lag og organisasjonar i bygda har hatt planleggingsmøte om kva slag arrangement me skal ha i samband med «Partnarskap mot mobbing» i løpet av våren. Alle på møtet var einige, og det vart bestemt at arrangementet skal vere «Open skule» med framsyningar og ulike aktivitetar på Bygdadagen søndag 22. april 2018. Dette vert ein obligatorisk dag for elevar og tilsette. Det betyr at elevane avspaserer fredag 22. juni, og då vert siste skuledagen før ferien torsdag 21. juni.

Vil ønskje alle ei god jul og eit godt nyttår!

Mvh
Helge Håland
Rektor